

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Clarion Bergen Airport Hotel Flesland
MØTETIDSPUNKT: 01.03.2017 KL. 08:30 – 11:30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Tor Erik Tveit	Kst. Økonomisjef (sak 009, 010, 011)
Berit Berntsen	HR og org.sjef (referent)

SAKLISTE

Sak 001/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 002/17	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 14.12.2016
Sak 003/17	Administrerande direktør si orientering
Sak 004/17	Tilsetjing Administrerande Direktør
Sak 005/17	Styringsdokument 2017 frå Helse Vest
Sak 006/17	Risikostyringsmål for 2017
Sak 007/17	Høyring rapport frå Kvinnslandutvalet

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 008/17	Eventuelt Stad Styremøte 31.5.2017 Skriv og meldingar
------------	---

Lukka del

Sak 009/17, sak 010/17 og sak 011/17 blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 009/17	Årsresultat 2016 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 010/17	Verksemdsrapport per januar 2017 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 011/17	Rapport 80/20 regelen (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

OPE DEL**Sak 001/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

En sak til eventuelt; Tid og stad for styremøter 29. mars og 30. mai.

**Sak 002/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
14.12.2016****Oppsummering**

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 14.12.2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 14.12. 2016.

Sak 003/17 Administrerende direktør si orientering**Oppsummering**

- 1. Rapportering tilsynssaker**
*Postalt tilsyn frå Arbeidstilsynet
- 2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
*Ingen
- 3. Oversikt over aktuelle høyringar**
*notat ligg ved.
- 4. Val av av og bland dei tilsette til SAV styre**
*valprotokoll ligg ved.
- 5. Status rekruttering vikar Sjukehusapotekar ved Sjukehusapoteket i Førde**
*Munnleg orientering.
- 6. Strategiprosess SAV 2017-22 og Høyring Helse 2035**
*Munnleg orientering.
- 7. Arbeid med hovudavtale sjukehusføretak**
*notat ligg ved
- 8. Nasjonalt samarbeid mellom dei 4 regionale sjukehusapotekføretaka**
*munnleg orientering
- 9. Styresakar til oppfølging**
*notat ligg ved

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek orienteringa til vitande.

Sak 004/17 Rekruttering av ny administrerende direktør**Oppsummering**

Jannicke Daae Tønjum gjekk over i ny jobb som Administrerande Direktør i Helse Vest Innkjøp 01.01.2015. Økonomisjef i Sjukehusapoteka Vest, Ola Rye, har sidan 01.11.15 vore konstituert i stillinga. Arbeidet med tilsetting av ny direktør er no starta opp.

Vedtak (samrøystes)

Styret stiller seg bak føreslegen prosess for rekruttering av administrerande direktør og ber tilsettingsutvalet handtere prosessen. Tilsettingsutval blir Styreleiar, Styrets nestleiar og Marianne Saugestad som medlem vald av og blant dei tilsette.

Sak 005/17 Styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest føreligg i førebels versjon og skal endeleg handsamast av styret i Helse Vest den 7.mars og av foretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest den 8. mars 2016. Styringsdokumentet som ligg ved saka er i samsvar med styringsdokumentet som ligg til handsaming hjå styret i Helse Vest.

I Styringsdokument 2017 har Helse Vest gjeve Sjukhusapoteka Vest HF økonomiske, organisatoriske og rapporteringsmessige krav, samt oppgåver som skal støtte opp om verksemda sine overordna mål for 2017. Styringsdokumentet gjev ikkje dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest men dokumentet utfyller og konkretiserer oppgåver som det skal leggjast vekt på, og som skal prioriterast i 2017.

Styresak (sak 006/17) om risikostyringsmål viser fokusområder for Sjukehusapoteka Vest i 2017 for å sikre leveranse i høve til styringskrava. Ut over dette vil oppgåver gjevne i styringsdokumentet verte spegla i strategi og planarbeidet i Sjukehusapoteka Vest i 2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar saka til orientering med atterhald om eventuelle endingar i styringsdokumentet ved handsaming i føretaksmøtet.

Styret og ber administrasjonen, fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet.

Administrasjonen vert bedne om å rapportere på Styringsdokument 2017 for Sjukehusapoteka Vest HF i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF med følgjande kommentarar

- Styret ber administrasjonen presentere konkret innhald i aktivitetar knytt til læring og meistring av legemiddel.

- Styret ber om høgt fokus på SAV sin rolle i nasjonalt arbeid med å sikre legemiddelforsyning.
- Styret ber om rapport på forskning i regi av Sjukehusapoteka Vest .

Sak 006/17 Risikostyringsmål for Sjukehusapoteka Vest 2017

Oppsummering

I samsvar med felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest vert det i Sjukehusapoteka Vest gjennomført ei overordna risikostyring på utvalde styringsmål. Etter retningslinja skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året.

Helse Vest RHF har i styresak av 7.12.2016 (Sak 132/16) vedteke 4 overordna styringsmål med tilhøyrande delmål gjeldande for sjukehusføretaka i regionen. Det går fram i brev av 9.12.2016 frå Helse Vest RHF til Sjukehusapoteka Vest, at styret i Helse Vest ynskjer at styringsmål 3 - HMS er ein sjølvstøtt del av arbeidsdagen- skal vere eit av styringsmåla for Sjukhusapoteka Vest i 2017, men at Sjukhusapoteka Vest sjølv definerer verksemdspesifikke delmål til dette styringsmålet. Ut over dette peika ikkje Helse Vest ut styringsmål for Sjukehusapoteka Vest.

Styringsmåla vart diskutert.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest til orientering, og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2017 med følgjande merknadar:

- Styret ba om at Administrasjonen tek med korleis ein arbeider med risikostyringsmåla i rapportering.

Sak 007/17 Høyring rapport frå Kvinnslandutvalget

Oppsummering

Kvinnslandutvalet la 1. desember fram NOU 2016:25 *Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten*. Det var fleirtall i utvalet for å vidareføre eit regionalt avgjerdsnivå i spesialisthelsetenesta, og å vidareføre helseregionane slik dei er i dag. Utvalet var delt når det gjaldt organiseringa innanfor helseregionane. Det var og fleirtall for å legge om eigeomsforvaltninga ved å etablere eigeomseiningar på regionalt nivå og innføre ei ordning med kostnadsdekkande husleige. I høyringsrunda har Helse Vest ikkje lagt opp til å gje ei samla høyringsuttale frå

føretaksgruppa og Sjukhusapoteka Vest sender difor eigen høyringsuttale innan fristen 3.3.2017. I saka er vedlagt forslag til høyringsuttale der Sjukhusapoteka Vest stiller seg bak utvalet sin anbefaling om vidareføring av eit regionalt avgjerdsnivå samt at ein tilrår at gjeldande modell for organisering og styring av spesialisthelsetenesta vert vidareført.

Vedtak (samrøystes)

Styret stiller seg bak forslag til høyringsuttale og ber administrerande direktør oppdatere høyringssvaret i tråd med innspel som kom i møtet:

- Tydeleggjere kva som har vore bra med eksisterande modell
- Vise til utgreiing av mogleg samanslåing av de 4 regionale sjukehusapotekføretaka

Sak 008/17 Eventuelt Skriv og meldingar

* Årsmelding FAMU 2016 ligg ved

* Tid og stad for styremøte 29 mars og 30 mai

- Styremøtet 29. mars haldast på video og i møterom på Førde sentralsjukhus
- Styremøte 30. mai flyttas til 01 juni 09:00-11:30 i Bergen/video

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter Helseforetaklova §26a, 2.Jedd nr 4.

Sak 009/17 Årsresultat 2016

Oppsummering

Årsresultat 2016 vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjon om årsresultat for 2016 til orientering. Årsmelding og årsrekneskap vert lagt fram for handsaming i styremøte 29.mars.

Sak 010/17 Verksemsrapport per januar 2017

Oppsummering

Rapporten blei gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per januar 2017 til etterretning.

Sak 011/17 Rapportering 80/20 regelen**Oppsummering**

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapporteringa til orientering.

Berit Berntsen
Referent
01.03.2016

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem

Gunvald Iversen

Medlem